

Lindås idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Ekstraordinært styremøte i Lindås Idrettsråd 20. oktober 2014

Sak: E-post mottatt frå NBK v/dagleg leiar Erlend Andås 10.10.2014 om Brann-akademiet.

Lindås Idrettsråd har behandla sak frå Nordhordland Ballklubb v/dagleg leiar om bruk av uteanlegg i Knarvik til fotballskole i regi av Brann-akademiet.

LIR finn ikkje å kunne realitetsbehandla saka då styret i NBK sitt syn i saka ikkje føreligg i dagens LIR-møte, og dette til tross av at LIR har etterspurt klubbens styrevedtak.

I møtet er LIR gjort kjent med at Lindås kommune v/Rådmann har teke si avgjerd om at fotballskulen får gratis tilgang på uteanlegget, og dette utan at idrettsrådet vårt er rådspurt.

Idrettsrådet finn at dette ikkje er i tråd med samarbeidsavtalen partane inngjekk 10.06.2013. I tillegg har LIR det klare syn at kommunen må føreleggja LIR retningslinjer for leige av uteanlegg.

LIR finn det svært uheldig at kommunen framleis ikkje ser det nyttig å ta i bruk inngått avtaleverk med idretten sitt høgste lokale organ.

LIR ønskjer sjølvstøtt å leggja best mogeleg til rette for idrett og fysisk aktivitet for born og ungdom, men både kommune og idrettsråd må sjå til at dette skjer på ein rettferdig måte.

Med Helsing

For Lindås Idrettsråd

John Helge Walderhaug

Leiar LIR